

**KONTROLLUTVALET I
STORDAL KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 21. juni 2010, kl. 1700

Møtestad: Stordal Rådhus

Møtet vart leia av: Ingrid Løset

Elles til stades:

Rune Støversten og Reidun Torpe langhaug

= 3 voterande

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte Dagleg leiar Harald Rogne. Frå kommunerevisjonen møtte hovudrevisor Knut Gunnar Alnes.

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste

SAK 06/10

GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 22. APRIL 2010

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte i kontrollutvalet 22. april 2010 blir godkjent.

SAK 07/10

ÅRSMELDING 2009 – STORDAL KOMMUNE

Innstilling datert 21.06.2010 frå kontrollutvalsekretariatet:

Kontrollutvalet tek årsmelding 2009 for Stordal kommune til orientering.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

1. Kontrollutvalet stiller seg kritisk til det som kjem fram i punkt 2 gjeldande omsorgstenestene.
2. Kontrollutvalet etterlyser meir vektlegging av presentasjon av avvik mellom budsjett og rekneskap samt annan økonomisk informasjon.
3. Årsmeldinga kan med fordel kortast ned og bli presentert etter ein fastsett mal.
4. Forøvrig tek kontrollutvalet årsmeldinga til orientering.

SAK 08/10

KOMMUNEREKNESKAPEN 2009 – STORDAL KOMMUNE

Innstilling datert 21.06 2010 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sin samrøystes uttale:

1. Stordal kommune sin rekneskap for 2009 blir godkjent
2. Det blir vist til atterhaldet i revisjonsmeldinga knytt til overskridingar i høve vedteke budsjett samt presiseringa om praktisering av bruk og avsetning gjeldande disposisjonsfond. Kommunen bør ta ein gjennomgang av sine rutinar på desse områda.

Ingrid Løset
leiar
(sign.)

Rune Støversten
medlem
(sign.)

Reidun Torpe Langhaug
medlem
(sign.)